

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand skule (barnehagen), 23. april 2013, kl 19.00 – 22.00.

Til stades: Sidsel Haugen, Gerd Ingeborg Haugen, Sigmund Eiken, Knut Haugen, Arne Bergstø, Hanne Hesthamar og Kaia Gulbrandsen.

Meldt fråfall: Britt Heidi Selsvik

Sak 1, Herand Barnehage

Til denne saka møtte barnehagestyret ved Ingrid S. Haavik, Kjellaug Hoås Samland, Hallvard Samland og Birthe Torgersen.

Barnehagen har ikkje tilsett førskulelærer frå hausten og det vart difor vedteke at me vil prøve å søkje å få dekke stillinga gjennom annonsering i Odda og Ullensvang (lokalaviser). Annonsa vil og bli lagt ut på ulike nettstader. Andre moglegheiter vert og sjekka ut.

Sak 2, Godkjenning av referat (styremøte 03. april 2013) og møteinnkalling

Ingen merknad til møteinnkalling.

Referat vert godkjend på møte 14. mai 2013

Oppfølging og gjennomgang av liste over ulike oppgåver for styremedlemene etter siste styremøte vart utkvittert.

Sak 3, Konstituering av styret i Herand Bygdelag for 2013:

- Leiar: Sidsel Haugen (vald av årsmøtet)
- Nestleiar: Sigmund Eiken
- Kasserar: Gerd Ingeborg Haugen
- Skrivar: vert vald på neste møte 14. mai 2013.

Sak 4, Val av representant til komiteen for Herandshelga 2013

Frå Herand Bygdelag møtar følgjande representantar:

- Hanne Hesthamar
- Arne Bergstø
- Sidsel Haugen – er med på møta for å leie desse

Neste møte i Herandshelga komiteen er: 13. mai kl. 19.00 på kjøkenet på Herand skule.

Sak 5, Dugnadslaurdag 27. april 2013

Sigmund Eiken er dugnadssjef. Styret gjekk gjennom planlagd arbeid og fordeling av oppgåver til styremedlemmene.

Sak 6, Eventuelt

1. Økonomien i Herand Barnehage. Resultatet så langt ligg godt innanfor budsjett.
2. Varamedlem – skal desse kallast inn til kvart styremøte? Alle tre får tilsendt sakslista til styremøta. 1. vara (Hanne Hesthamar) innkallast som resten av styret. 2. og 3. vara innkallast ved meldt fråfall av faste medlemmer.
3. Saker til styret i Herand Bygdelag; Me oppmodar alle som har saker dei ynskjer handsama av styret i Herand Bygdelag å levera desse skriftleg til styremedlemmer eller i postkassa på butikken.
4. Herand Bygdelag har etter førespurnad frå kommunen levert inn tilbod på slåing av dei kommunale areala i Herand. Sigmund Eiken har utarbeidd tilbodet.
5. Økonomisk ansvar for 17. mai arrangementet. På årsmøtet i Herand Bygdelag den 7. april vart det fatta eit vedtak om at bygdelaget skulle stå økonomisk ansvarleg for arrangementet på 17. mai. Grunna feil i sakshandsaminga i forkant av årsmøtet, trekkjas dette forslaget og tas opp til ny handsaming på neste årsmøte. Herand Bygdelag fastset husleige for 17. mai inneverande år og informerar 17. mai komiteen om dette.
6. Utplanting av blomar i vår. Sidsel ordnar dette med Marit Samland.
7. Det vil verta organisert ekstra dugnader før sommarferien for å beisa ferdig skulen.
8. Leige av kontorplass; seks lag har etter henvendelse frå bygdelaget vist interesse for leige av arkiv/kontorplass/møterom på skulen. Det er mest interesse for arkivplass. Styret innhentar priser/tilbod og følgjer saka opp på neste møte.
9. Kaffitrakter; ein av kaffitraktarane på skulekjøkenet er sund. Bygdelaget kjøper ny før 17. mai.
10. Styret planlegg å ha eit møte i lag med Jondal Grendalag før sommarferien.

Referent: Kaia Gulbrandsen